



Vågå
kommune
Felles tenester

Det kongelige Arbeidsdepartement
Postboks 8019 Dep
0030 OSLO

Melding om vedtak

Vår ref.
2010/59/30/

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Kari Steihaug

Dato
25.10.2010

Særutskrift sak 44/10 i HOKO: NOU 2010:5 "Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering - et helhetlig hjelpemiddeltilbud" - høyring

Vedlagt følger særutskrift av sak 44/10 i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg i møte 22.oktober 2009.

Med helsing

Kari Steihaug
Kontormedarbeidar

Kopi til:
Norges Handikapforbund
Fylkesrådet for likestilling av funksjonshemmede



Vågå kommune

Arkivsak: 2010/59 -23

Arkiv:

Saksbehandlar:

Svein Holen

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
14/10	Eldrerådet	21.10.2010
10/10	Råd for funksjonshemma	21.10.2010
44/10	Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg	22.10.2010

NOU 2010:5 "Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering - et helhetlig hjelpemiddeltilbud" - høyring

Vedlegg:

- NOU 2010:5. Link til høyringsdokumentet: <http://www.regjeringen.no/html?id=602727>
- Høyringsbrev frå Arbeidsdepartementet dagsett 16.6.2010 (ikkje utsendt)
- Uttale frå Fylkesrådet for likestilling av funksjonshemmede dagsett 8.9.2010 (ikkje utsendt)
- Uttale frå Norges Handikapforbund (ikkje utsendt)

Saksframlegg:

Eit utvalg oppnemnt av regjeringa fekk i 2008 i mandat å ta ein full gjennomgang av forvaltning, organisering og finansiering av hjelpemiddelområdet. Hovudmålsettinga var å få ei vurdering av moglege langsiktige grep som kan gje effektive og langvarige kvalitets- og kompetanseforbetringar i systemet for formidling og forvaltning av hjelpemidlar, med sikte på å gje brukarar auka meistring og livskvalitet.

Utvalget la fram sitt forslag i NOU 2010:5 den 4. mai 2010. Utgreiinga er sendt på høyring med høyringsfrist 15.10.2010. Vågå kommune har fått aksept for utsett høyringsfrist til 22.10.2010.

Om forslag til endringar i forhold til dagens forvaltning:

Utvalget sine forslag til endringar byggjer i stor grad på sektoransvarsprinsippet, som betyr at ansvaret for hjelpemidlar blir lagt til den instansen som har ansvaret for å levere tenester der hjelpemiddelet blir nytta. Dette betyr i praksis at kommunane får eit større ansvar for hjelpemidlar i dagleglivet, opplæringsstyresmaktene får eit større ansvar for hjelpemidlar innan opplæring og spesialisthelsetenesta får eit tydelegare ansvar for behandlingshjelpemidlar. Målsettinga med denne ansvars plasseringa er at behovet for og bruken av hjelpemidlar skal sjåast i samanheng med andre verkemidlar i tenesteutøvinga, og at ein skal unngå uklare ansvarsforhold mellom den instansen som har sektoransvaret og den som har ansvaret for hjelpemidlane.

Endringa vil utløyse behov for endringar i lovverket, og utvalget foreslår at retten til hjelpemidlar i større grad enn i dag blir heimla i sektorlovgjevinga.

Utvalget meiner at behovet for hjelpemidlar i dagleglivet i stor utstrekning har samanheng med behovet for helse- og sosialtenester, særleg rehabilitering og pleie og omsorg. Det er derfor ønskeleg at kommunane får eit meir heilheitleg ansvar for hjelpemidlar i dagleglivet, også når behovet for hjelpemidlar blir forventa å vera permanent. Det blir peikt på at eit meir heilheitleg kommunalt ansvar innan pleie og omsorg vil kunne gje betydelege gevinstar:

1. Kommunane vil dermed få same ansvar for hjelpemidlar til mottakarar av heimetenester som hjelpemidlar til bebuarar i institusjon. Kommunane vil dermed ikkje kunne skyve hjelpemiddelansvaret over på folketrygda ved å opprette omsorgsbustader i staden for sjukeheimplassar.
2. Bruken av hjelpemidlar vil i større grad enn i dag kunne sjåast i samanheng med personalinnsatsen. Dette vil truleg bli svært viktig i åra framover på grunn av utvikling av ny omsorgsteknologi.

Konsekvensar for finansiering:

Eit heilheitleg kommunalt ansvar inneber også at kommunane har finansieringsansvaret. For å leggje til rette for formåls- og kostnadseffektive løysingar anbefaler utvalget at dei hjelpemidlane som blir eit kommunalt ansvar blir lagt inn i rammefinansieringa til kommunane. Eit slikt opplegg inneber ein økonomisk risiko for kommunane, spesielt i forhold til personar med behov for svært kostbare hjelpemidlar. Det kan heller ikkje forventast at kommunane maktar å opparbeide tilstrekkeleg kompetanse i handtering av kompliserte tilfelle som oppstår relativt sjeldan og krev spesialkompetanse. Utvalget anbefaler derfor at det kommunale ansvaret blir avgrensa til enklare hjelpemidlar, såkalla basishjelpemidlar, og at ansvaret for meir komplekse og samansette behov framleis skal vera eit statleg ansvar.

Konsekvensar for hjelpemiddelsentralane:

Auka kommunalt ansvar for hjelpemidlar i dagleglivet vil avlaste hjelpemiddelsentralane. Etter utvalget sitt forslag vil desse kunne utgjera ei meir reindyrka og fleksibel andrelineteneste enn i dag. Hjelpemiddelsentralane vil da kunne gje betre tilbod til brukarar med komplekse behov, og betre bistand til NAV-kontor i samband med tilrettelegging til arbeid.

Reaksjonar på forslaget:

Norges Handikapforbund og Fylkesrådet for likestilling av funksjonshemmede i Oppland meiner forslaget om overføring av dagens statlege ansvar for hjelpemidlar til kommunane må avvisast, og ber kommunane vedta følgjande høyringssvar:

”Kommunen mener retten til hjelpemidler fortsatt skal ligge til folketrygdloven med et statlig finansieringsansvar. Dette vil sikre funksjonshemmede tilgang til hjelpemidler på alle livsområder, med mulighet til å leve et selvstendig liv. De økonomiske utfordringer kommunene står overfor gir lite rom for nye omfattende oppgaver på dette området. Retten til hjelpemidler må være uavhengig av geografisk bosted og kommuneøkonomi. Staten bør i stedet forbedre hjelpemiddelformidlingen ved å bidra til å styrke kommunenes ergoterapitilbud og rehabilitering samt styrke vaktmestertjenesten for reparasjon av hjelpemidler.”

Vurdering:

Forslaget inneber å overføre statleg ansvar for hjelpemiddelområdet til kommunane, utan garanti for at pengane følgjer med. Kommunane får ansvar for å finansiere hjelpemidlar i barnehage, skule, bustad og daglegliv, i tillegg til det faglege ansvaret for å formidle rett løysing til

brukarane. Kommunane får dermed også ansvaret for vedtak, innkjøp, lagerhald, reparasjonar, resirkulering og marknadsoversikt. I dag driv hjelpemiddelsentralane omfattande kursverksemd for kommunane og har ansvar for å skaffe og kvalitetssikre hjelpemidlar. I si delutredning for utvalget viser også PrisewaterHouse Coopers til at dagens system er formåleffektivt, og at kommunane har stor nytte av hjelpemiddelsentralane.

Overgang til sektoransvar inneber at tilbodet og ansvaret kan bli meir fragmentert; same brukarar kan måtte vende seg til ulike stader for ulike hjelpemidlar. Det kan dessutan oppstå gråsoner mellom barnehage, skule, arbeid og daglegliv. Rådmannen meiner at retten til hjelpemidlar må vera forankra i folketrygdlova, og at ein dermed unngår at tilgangen til rett hjelpemiddel blir ei budsjettsak i kommunen. Dessutan er hjelpemiddelområdet eit fagfelt som krev høg kompetanse, noko dei færreste kommunar har økonomiske og faglege ressursar til å byggje opp. Mange kommunar har i dag ikkje ergoterapeutkompetanse, og av dei som har er det mange som har oppretta berre små stillingsbrøkar. Ei omlegging av ansvaret vil derfor utfordre kommunane særleg på finansiering og kompetanse, men også på praktiske forhold som lokal for hjelpemiddellager.

Rådmannens innstilling:

Vågå kommune vedtek følgjande høyringssvar til NOU 2010:5 "Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering – et helhetlig hjelpemiddeltilbud":

1. Vågå kommune rår til at dagens statlege ansvar for hjelpemidlar ikkje blir overført til kommunane.
2. Dagens formidlingssystem med lovheimel i folketrygdlova for alle hjelpemidlar sikrar best eit likeverdig og kvalitativt godt tilbod. Personar med funksjonshemming sin tilgang til hjelpemidlar på alle livsområde (barnehage, skule, arbeid og daglegliv) må ikkje bli redusert på grunn av geografisk bustad og kommuneøkonomi.
3. Vågå kommune oppmodar staten om å byggje vidare på den oppgåve- og ansvarsfordelinga som er nedfelt i folketrygdlova, kommunehelsetenestelova og i samarbeidsavtaler. Det blir også vist til dei moglegheitene som Samhandlingsreforma opnar for når det gjeld utvida samarbeid innan helse- og omsorgsområdet.

Saksprotokoll i Eldrerådet - 21.10.2010

Behandling:

Vedtaket i Eldrerådet var samrøystes.

Framlegg:

Som innstillinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Råd for funksjonshemma - 21.10.2010

Behandling:

Vedtaket i Råd for funksjonshemma var samrøystes.

Framlegg:

Som innstillinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 22.10.2010

Behandling:

Vedtaket i HOKO var samrøystes.

Vedtak:

Vågå kommune vedtek følgjande høyringssvar til NOU 2010:5 "Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering – et helhetlig hjelpemiddeltilbud":

1. Vågå kommune rår til at dagens statlege ansvar for hjelpemidlar ikkje blir overført til kommunane.
2. Dagens formidlingssystem med lovheimel i folketrygdlova for alle hjelpemidlar sikrar best eit likeverdig og kvalitativt godt tilbod. Personar med funksjonshemming sin tilgang til hjelpemidlar på alle livsområde (barnehage, skule, arbeid og daglegliv) må ikkje bli redusert på grunn av geografisk bustad og kommuneøkonomi.
3. Vågå kommune oppmodar staten om å byggje vidare på den oppgåve- og ansvarsfordelinga som er nedfelt i folketrygdlova, kommunehelsetenestelova og i samarbeidsavtaler. Det blir også vist til dei moglegheitene som Samhandlingsreforma opnar for når det gjeld utvida samarbeid innan helse- og omsorgsområdet.